

# Smittevernplan



**SELJORD KOMMUNE 03.05.2022**

| Dato:    | Endring:                                | Godkjent av:                              |
|----------|---|---|
| 2.3.2017 | NY                                      | Kommuneoverlege                           |
| 3.5.2022 | Oppdatering lenker<br>Kapittelinndeling | Kommuneoverlege,<br>helseberedskapsgruppa |

## Innhald

### Innhold

|   |    |
|---|----|
| 1. Innleiing .....  | 2  |
| 1.6 Distribusjonsrutinar.....                               | 3  |
| 2. Individ .....  | 3  |
| 2.5 Refusjonsreglar .....                                   | 4  |
| 3. Samfunn .....  | 4  |
| 3.6 Sjukdomar med spesiell lovgjeving .....                 | 5  |
| Vedlegg 1: Samarbeidspartnarar .....                        | 6  |
| Vedlegg 2. Informasjon ved utbrot av smittsam sjukdom ..... | 6  |
| Vedlegg 3. Spesielle sjukdomsutbrot.....                    | 8  |
| Infeksjon med dropesmitte.....                              | 8  |
| Vedlegg 4. Tuberkuloseplan .....                            | 9  |
| 7. ØKONOMI .....  | 11 |
| Vedlegg 5. Pandemiplan .....                                | 12 |

### Vedlegg 5. Pandemiplan

12

1. Bakgrunn
2. Epidemiologi
3. Ansvar, rapporteringslinjer og forankring i leiinga
4. Mobilisering og organisering av helsepersonell
5. Ivaretaking av samfunnskritiske tenester
6. Mottak, lagring og utdeling av legemiddel og medisinsk utstyr
7. Smitteverntiltak
8. Rutinar for mottak, diagnostisering, behandling og pleie
9. Opplæring

### 1. Innleiing

## **1.1 Føremål med planen, formelt grunnlag**

[Smittevernlova § 7-1](#) pålegg kommunane å beskrive arbeidet med vern mot smittsame sjukdomar i eit eige område i planen for kommunen si helse- og omsorgsteneste. Smittevernplanen skal omfatte dei tiltaka og tenestene kommunen har for førebygging av smittsame sjukdomar, og motverke at dei vert overførte, både i det daglege rutinearbeidet og i beredskapssituasjonar.

§ 7-2 i smittevernlova pålegg kommunelegen å utarbeide forslag til kommunal smittevernplan og å leie og organisere dette arbeidet.

Denne utgåva av smittevernplanen er betydeleg omarbeidd og gjord enklare og meir oversiktleg. Referansane er i store trekk nettbaserte. (Kjelde: Smittevernplanen til Vinje kommune)

Ein viser generelt til [Smittevernveilederen](#), utgjeven av Folkehelseinstituttet. Veilederen inneheld fagstoff om dei enskilde smittsame sjukdomane og om smittevern generelt.

## **1.2 Kommunen og kommuneoverlegen sine oppgåver i smittevernet**

I Seljord er kommuneoverlegen smittevernlege. Kommunelegen utnemner ein vara ved ferie, sjukdom og lengre fråvere.

Nasjonal og lokal organisering og ansvar: [Smittevernveilederen](#) og [Forskrift om smittevern i helsetjenesten kap. 3](#)

Melde-/varslerutinar for smittsame sjukdomar: [Smittevernveilederen](#) kapittel om meldingssystem for smittsomme sykdommer

## **1.3 Lovverk rundt smittevernet i kommunen**

[Smittevernveilederen](#) kapittel om lovverk og smittevern

## **1.4 Samanheng med anna kommunalt planverk**

Smittevernplanen er ein del av kommunen sin plan for helsemessig og sosial beredskap, som inngår i den overordna beredskapsplanen i kommunen.

## **1.5 Ansvar for utarbeiding, oppdatering og revisjon**

Kommuneoverlegen har ansvar for dette. Planen skal reviderast annakvart år.

## **1.6 Distribusjonsrutinar**

Planen ligg i kommunen sitt samla planverk og på kommunen sine nettsider.

Planen vert distribuert til:

- Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark
- Mattilsynet (Distriktskontoret Midt- og Vest-Telemark)
- Sjukeheim og omsorgssenter i kommunen

# **2. Individ**

## **2.1 Rett til smittevern**

[Smittevernlova kap. 6](#)

## 2.2 Pasientplikter

[Smittevernveilederen](#) og [smittevernlova kap. 5](#)

## 2.3 Meldepliktige sjukdomar og rutinar for melding og varsling

[Smittevernveilederen](#) varsling om utbrudd

[Hvordan](#) varsle

## 2.4 Førebygging og behandling

[MRSA-veilederen](#)

Vedlegg 4. Tuberkuloseplan

Smitteoppsporing ved tuberkulose: [Tuberkuloseveilederen](#) kap. 7

[Meldingsskjema](#) for tuberkulose

[Eigenerklæring](#) for tuberkulose (brevmal)

Vaksinasjon: [Vaksinasjonsboka](#). Ansvar: Helsestasjon (barnevaksinasjonsprogram, reisevaksinasjon), fastlege/legevaktlege (akutt behov, f.eks. ved sårskade). Både helsestasjon og legeavdeling har ansvar for influensavaksinerings.

Stikkuehell på sprøyter: [Smittevernveilederen](#) kapittel om stikkuehell og sprøyter

Smitteoppsporing ved seksuelt overførbare infeksjonar: [Smittevernveilederen](#)

Kontroll og oppfølging av pasientar med tarminfeksjonar: [Smittevernveilederen](#)

Personell som handterer næringsmiddel: [Smittevernveilederen](#)

## 2.5 Refusjonsreglar

Helsehjelp for allmennfarlege smittsame sjukdomar er gratis for alle som oppheld seg i Noreg, jf.

[Blåreseptforskrifta](#) om stønad til dekning av viktige legemiddel § 4 og [Forskrift om tuberkulosekontroll](#) § 4-9

# 3. Samfunn

## 3.1 Kommunale planverk

- Plan for kriseleing (kommunen sin overordna beredskapsplan)
- Beredskapsplan helsesenter (under utarbeiding)
- Infeksjonskontrollprogram for Nesbukti pleie-og omsorgssenter
- Smittevernrutiner for barnehagar og skular i Seljord kommune
- Retningslinjer for samarbeidet mellom Mattilsynets distriktskontor og kommunen på det medisinskfaglige området

## 3.2 Kommunalt ansvar og oppfølging

- Primæransvar for smittevern: [smittevernlova kap. 7](#)
- [Forskrift om smittevern i helsetjenesten](#)
- Vedlegg 1: Samarbeidspartnarar

## 3.3 Førebygging

- Vasshygiene: [Drikkevassforskrifta](#) og [Smittevernboka](#) kap. 10

- Førebyggje legionella: [Forskrift om miljørettet helsevern kap. 3a](#) og [Forebygging av legionellasmitte – en veiledning](#)
- Vaksinasjon: [Vaksinasjonsboka](#). Beredskapsgruppa (kommuneoverlege, leiande helsesystem og helse- og omsorgssjef / rådmann) organiserer massevaksinasjon ved nasjonale anbefalingar om dette.

### 3.4 Utbrot

- [Utbruddsveilederen](#)
- Vedlegg 2. Informasjon ved utbrot av smittsam sjukdom

### 3.5 Befolkningsgrupper med særlege behov

- Innvandrarakar: [her](#)
- Flyktningar: [her](#)
- Born/barnehage/skule: [her](#)
- Menn som har sex med menn: [her](#)
- Injisjerande stoffmisbrukarakar: [her](#)

### 3.6 Sjukdomar med spesiell lovgjeving

- [MRSA-veilederen](#)
- [Tuberkuloseveilederen](#). Vedlegg 4. Tuberkuloseplan.
- [Smittevernveilederen](#) Sykdommer a–å
- Meldepliktige sjukdomar [Liste](#)
- Vedlegg 3. Spesielle sjukdomsutbrot
- [Antibiotikaresistens](#)
- [NORM](#)

## Vedlegg 1: Samarbeidspartnarar

---

| <b>Kommunale ressursar</b>   | Telefon:                          |
|--|-----------------------------------|
| Smittevernlege: Kine Jordbakke   | A: 35 06 52 50, P: 95926844       |
| Vara: Kommunelege (ring legekantor/legevakt)                               | 35 06 52 50 (dagtid)/116117(vakt) |
| Legeavdelinga  | 35 06 52 50                       |
| Helsesystemtenesta   | 35 06 52 50                       |
| Miljøretta helsevern   | 35 06 52 50                       |
| Teknisk avdeling<br>(kontroll med drikkevatt, avløp, badevatt, renovasjon) | 35 06 51 00                       |

### Interkommunale ressursar

|                            |             |
|----------------------------|-------------|
| Legevakt Seljord/Kviteseid | 116117      |
| Renovest                   | 35 06 80 00 |

### Statlege ressursar

|   |                        |
|---|------------------------|
| AMK   | 113                    |
| <a href="#">Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark</a> | 35 58 61 10            |
| <a href="#">Folkehelseinstituttet</a>                   | 21 07 70 00            |
| <a href="#">Smittevernvakta</a>                         | 21 07 63 48            |
| <a href="#">Mattilsynet</a>                             | 22 77 83 68/975 04 646 |
| <a href="#">Sykehuset Telemark HF</a>                   | 35 00 35 00            |
| <a href="#">Telemark politidistrikt</a>                 | 35 90 64 00            |
| <a href="#">Tollregion Sør-Norge</a>                    | 38 12 00 12            |

### Andre tenester

|                                    |             |
|------------------------------------|-------------|
| <a href="#">Apotek 1 Seljord</a>   | 35 05 80 90 |
| <a href="#">Eurofins lab</a>       | 94 50 42 77 |
| <a href="#">Vest-Telemark blad</a> | 35 06 88 00 |

## Vedlegg 2. Informasjon ved utbrot av smittsam sjukdom

---

| <b>Informasjon som må vurderast ved utbrot av smittsam sjukdom:</b>  | <b>Ansvarleg:</b> |
|--|-------------------|
| <i>Helsepersonell</i><br><input type="checkbox"/> for å auke aktsemd og gje informasjon vidare:<br>Fastlegar, legevaktsentral, helsestasjon, sjukehus,<br>ev. kommuneoverlegar i nabokommunar. | Smittevernlege    |

|  |   |
|--|---|
| <p><i>Den/dei som er sjuke og nære pårørande</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• om sjukdomsforløp og tiltak for å hindre smittespreiing</li> <li>• om behov for å gå ut med offentleg informasjon</li> </ul> | <p>Fastlege/sjukehuslege<br/>Smittevernlege</p>                               |
| <p><i>Institusjonar (skular, barnehagar, bedrifter)</i></p> <p>□ for å gje rett bilete av alvorsgrad og auke aktsemd</p>   | <p>Smittevernlege saman med helsesyster, ev. bedriftshelseteneste</p>         |
| <p><i>Lokalbefolkning via media</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• hindre smittespreiing</li> <li>• auke aktsemd ved tidlege teikn på sjukdom</li> <li>• avgrense bekymring</li> </ul>                       | <p>Smittevernlege vurderer pressemelding for å sikre korrekt informasjon.</p> |

### Vedlegg 3. Spesielle sjukdomsutbrot

#### Vassboren infeksjon

Teknisk avdeling i kommunen har beredskapsplanar for drikkevassforsyning. Ved utbrot vil smittevernlegen samarbeide med eininga, Mattilsynet og Folkehelseinstituttet.

| <i>Tiltak</i>  | <i>Ansvarleg</i>                       |
|--|--|
| Avstenging av vasskjelde til hygieniske forhold er under kontroll  | Teknisk avd/smittevernlege/Mattilsynet |
| Rette opp svikt eller manglar i vassbehandlingsanlegg eller leggje til reserveklorering  | Teknisk avdeling                       |
| Informasjon om koking av drikkevatt  | Teknisk avd/smittevernlege/Mattilsynet |
| Prøvetaking av vasskjelde og sjuke for å identifisere smittestoff  | Mattilsynet/smittevernlege/fastlegar   |
| Diagnostikk og behandling, informasjon til dei som er sjuke for å hindre vidare smitte, sjukmelde frå næringsmiddelbedrift eller helseteneste til smittefare er over | Fastlegar                              |

#### Matboren infeksjon

Smittevernlegen vil samarbeide med Mattilsynet og Folkehelseinstituttet.

| <i>Tiltak:</i>  | <i>Ansvarleg</i>   |
|---|--|
| Diagnostikk og behandling, informasjon til dei som er sjuke for å hindre vidare smitte, sjukmelde frå næringsmiddelbedrift eller helseteneste | Fastlegar/sjukehus                                       |
| Kartleggje utbrot   | Mattilsynet og smittevernlege, gjensidig varslingsplikt  |
| Informasjon til publikum og ev. skular, barnehagar og bedrifter for å hindre vidare smitte og kartleggje talet på sjuke                       | Smittevernlege   |
| Intervju av sjuke for å identifisere smittekjelde   | Mattilsynet  |
| Kontroll av næringsmiddelbedrifter  | Mattilsynet  |
| Vaksinasjon ved utbrot av hepatitt A  | Informasjon: smittevernlege<br>Vaksinasjon: helsestasjon |

#### Infeksjon med dropesmitte

Dette er ei rekkje sjukdomar som til dømes influensa og sjeldnare sjukdomar som hjernehinnebetennelse, legionellasjukdom og SARS. Her vil smittevernlegen stå i nært samarbeid med Folkehelseinstituttet.

#### Infeksjon med "blodsmitte"

I denne gruppa kjem sjukdomane hepatitt A/B/C og HIV, og injiserande stoffmisbrukarar er mest utsette. Ei viktig smittekjelde er bruk av ureine sprøyter.

| <i>Tiltak:</i>   | <i>Ansvarlig</i>   |
|--|--------------------|
| Diagnostikk og behandling, informasjon til dei som er sjuke for å hindre vidare smitte, tilby vaksine til familie/nærkontaktar ved hepatitt A og B | Fastlegar/sjukehus |



|  |  |
|--|--|
| Kartleggje utbrot, informere helsepersonell  | Smittevernlege   |
| Informasjon til publikum og spesielle målgrupper for å hindre vidare smitte og kartleggje talet på sjuke | Smittevernlege   |
| Gje råd om vaksine til større grupper, informasjon via media og kontaktar i utsette miljø                | Informasjon: smittevernlege<br>Vaksinasjon: helsestasjon |

## Vedlegg 4. Tuberkuloseplan

### 1. INNLEIING

Kvar kommune har plikt til å utarbeide eit tuberkulosekontrollprogram som skal vere ein del av smittevernplanen.

Ein fylgjer flytskjema for tuberkulosekontroll som ligg på Folkehelseinstituttet si heimeside:

[Tuberkuloseveilederen](#)

### 2. GRUPPER MED PLIKT TIL TUBERKULOSEUNDERSØKING

#### Forskrift om tuberkulosekontroll § 3-1

Følgende personer har plikt til å gjennomgå tuberkuloseundersøkelse:

- Personer fra land med høy forekomst av tuberkulose, som skal oppholde seg mer enn tre måneder i riket med krav om oppholdstillatelse, registreringsbevis eller oppholdskort, samt flyktninger og asylsøkere.
- Personer som i løpet av de siste tre årene har oppholdt seg i minst tre måneder i land med høy forekomst av tuberkulose, og som skal tiltre eller gjeninntre i stilling i helse- og omsorgstjenesten, i lærerstillinger eller i andre stillinger knyttet til barneomsorg. Plikten gjelder også personer under opplæring eller hospitering i slike stillinger.
- Andre personer som det er medisinsk mistanke om er eller har vært i risiko for å bli smittet med tuberkulose.

#### 2a) Personar frå land med høg førekomst av tuberkulose

##### *Asylsøklarar og flyktningar*

Integreringskoordinatoren i kommunen gjev straks melding til smittevernlegen om namnet og adressa til flyktningen. Smittevernlegen sender kopi av meldinga til leiande helsesystem. Flyktningar som ikkje har gjennomført tuberkuloseundersøking, har plikt til å få gjort dette innan 14 dagar etter innreise. Dersom flyktningen/integreringskoordinatoren ikkje kontaktar legekantoret i løpet av ei veke, tek kommuneoverlegen kontakt med vedkomande og avtaler time for tuberkulosekontroll. Ein fylgjer flytskjema i [Tuberkuloseveilederen](#), og undersøkande lege rekvirerer IGRA-blodprøve og/eller røntgen av lungene som begge kan takast på Notodden sjukehus.

##### *Arbeidsinnvandrarar og studentar*

Politiet gjev kommuneoverlegen beskjed om arbeidsinnvandrarar. Desse skal undersøkjast så snart som mogleg og seinast innan 4 veker.

## **2b) Helsepersonell og lærarar som i løpet av dei tre siste åra har opphalde seg meir enn tre månadar i land med høg førekomst av tuberkulose**

Ved tilsetjing av personell innan helse- og omsorgstenesta, skule eller barnehage eller i andre stillingar knytte til barneomsorg, må det dokumenterast om vedkomande har opphalde seg i minst tre månadar i land med høg førekomst av tuberkulose i løpet av dei siste tre åra, jf. [Eigenerklæring](#) for tuberkulose. I så fall må vedkomande gjennomgå tuberkuloseundersøking før tilsetjing. Arbeidsgjevar har plikt til å sjå til at tuberkuloseundersøking er gjennomført før tiltreding/gjeninntreding. Leiande helsesystemer, ev. smittevernlegen fyller ut attest om tuberkulosekontroll som arbeidstakaren får med seg.

## **2c) Andre personar som kan ha vorte smitta eller har vore i risiko for å verte smitta med tuberkulose**

Desse har plikt til å ta kontakt med fastlegen snarast.

## **3. ANSVAR OG OPPGÅVER**

### **3.1 Fastlegen**

- Vere obs på symptom på tuberkulose, særleg hjå risikopasientar.
- Tilvise til adekvat utgreiing på sjukehus ved mistanke om tuberkulose. Ved mistanke om smitteførande tuberkulose skal pasienten tilvisast som "øyeblikkeleg hjelp".

### **3.2 Helsestasjonen**

- Gje tilbod om BCG-vaksine til:
  - barn med auka risiko for å verte smitta med tuberkulose. Dette gjeld barn som kjem frå eller har minst éin av foreldra frå land med høg førekomst av tuberkulose.
  - Personar som ikkje tidligare er vaksinert, og som skal:
    - opphalde seg i land med høg førekomst av tuberkulose i meir enn tre månadar og ha tett kontakt med lokalbefolkninga.
    - helsepersonell og helsefagstudentar som skal ha direkte pasientkontakt eller arbeide i laboratorium som driv tuberkulosedagnostikk.
    - andre arbeidstakarar med særskilt risiko for tuberkulosesmitte bistandsarbeid, helseteneste, fengselsomsorg etc. i land med høg førekomst av tuberkulose.
- Delta og samarbeide med kommuneoverlegen om praktisk gjennomføring av tuberkuloseundersøking, smitteoppsporing og oppfølging etter nærmare instruks frå kommuneoverlegen.
- Oversending av fylgjande opplysningar til kommuneoverlegen i ny bustadkommune dersom utlendingen (jf. 2a) Personar frå land med høg førekomst av tuberkulose flyttar (ev. i samarbeid med kommuneoverlegen):
  - Resultat av tuberkuloseundersøkinga og journal dersom det føreligg funn som gjev grunn til vidare oppfølging
  - Opplysningar om at tuberkuloseundersøkinga eventuelt ikkje har vorte gjennomført

### **3.3 Kommuneoverlegen**

- Hjelp tuberkulosekoordinatoren ved helseføretaket med å overvake førekomsten av tuberkulose i kommunen.
- Ha ansvar for tuberkuloseundersøking, oppfølging, vaksinasjon mot tuberkulose. Delegere oppgåvene til helsestasjonen.
- Ha overoppsyn med behandlingsplanar som vert laga av spesialist/fastlege/pasient.

- Ha ansvar for smitteoppsporing/miljøundersøking. Delegere praktiske oppgaver til helsestasjonen.
- 6. INFORMASJON.
- Oversending av journal til ny bustadkommune, ev. i samarbeid med helsestasjonen.

### **3.4 Heimesjukepleia**

- Praktisk gjennomføring av førebyggjande behandling og direkte observert behandling.

## **4. MELDINGAR**

### **4.1 Melding ved tuberkulosesjukdom**

Behandlande spesialist som diagnostiserer tuberkulose, melder dette til Folkehelseinstituttet på *MSISmelding tuberkulose*. Ved avslutta behandling sender spesialisten *MSIS-melding behandlingsresultat tuberkulose*. Kommuneoverlegen skal motta kopi av desse meldingane.

### **4.2 Melding ved smitteoppsporing**

Kommuneoverlegen sender *Rapport om resultat av smitteoppsporing* til Folkehelseinstituttet og tuberkulosekoordinator når heile smitteoppsporinga er gjord. Kommuneoverlegen skal få dette skjemaet tilsendt frå Folkehelseinstituttet etter at det er meldt om smittsam tuberkulose i kommunen.

## **5. OPPLÆRING AV PERSONELL**

Kommuneoverlegen har ansvar for opplæring av heimesjukepleia, helsestasjonen og fastlegane i tuberkulosekontrollprogrammet. Ein kan etter behov gjennomføre årlege oppdateringsmøte om tuberkulose.

## **6. INFORMASJON**

Fastlegen har ansvar for at ein tuberkuløs pasient får nødvendig informasjon om sjukdomen og behandlingsopplegget. Ved fleire samtidige tilfelle av tuberkulose i kommunen har kommuneoverlegen ansvar for at informasjon om sjukdomen og regelverket som gjeld for sjukdomen, vert gjevne til befolkninga generelt. Dette kan gjerast t.d. gjennom lokalavis og kommunen si nettside.

## **7. ØKONOMI**

Kommunen skal dekkje alle utgifter til tuberkulosekontrollen som andre instansar ikkje dekkjer, inkludert reiseutgifter.

## **Vedlegg 5. Pandemiplan**

Se egen pandemiplan.